

REFERAT FRÅ MØTE I FFU

TYSDAG 18.11.2014 KL. 13.15 – 14.00

Til stades: Tor Trolie (leiar), Helge Sandøy, Erik Bjerck Hagen, Ingrid Mathisen (for Kjersti Aarstein) og Marte Nordanger.

Fråfall: Victoria Rosén og Jill Walker Rettberg

Skrivar: Anne Berit Apold

Saker:

- I. Godkjenning av innkalling – Innkallinga vart godkjent.
- II. Godkjenning av referat frå møtet 28.04.2014 – Referatet vart godkjent.
- III. Orienteringssaker
 - Det vert gjennomført 11 disputasar ved LLE i 2014. I tillegg har fire ph.d.-kandidatar levert avhandling.
 - Arbeidet med å få inn rettleiingsavtale og pliktarbeidsplan for ph.d.-kandidatar som tok til i 2012 og 2013 er snart i mål (berre ein rettleiingsavtale manglar).

SAK 9 Nye retningslinjer for studiepoeng i forskarutdanninga ved HF

Det vart påpeikt i møtet at det ikkje står noko i retningslinene om at at deltaking med plakat («poster») på konferanse kan gje studiepoeng i opplæringsdelen. Stipendiatane ønskjer at det står tydeleg i retningslinene at deltaking på konferanse med presentasjon eller plakat («poster») gjev studiepoeng og ba om at dette vert tatt opp med fakultetet.

Vedtak:

FFU ved LLE tek «Veiledende retningslinjer for godkjenning av kurs i den kandidatspesifikke opplæringsdelen innen forskerutdanningen» til etterretning. Leiar for FFU tek saka om studiepoeng for deltaking på konferanse med plakat («poster») opp med fakultetet.

SAK 10 Arbeidsgruppe for revisjon av forskarutdanninga – orienteringssak

Tor orienterte om at instituttleiarane ved IF og LLE har sett ned ei arbeidsgruppe som er bedt om å sjå nærare på forskarutdanninga ved dei to institutta. Arbeidsgruppa har hatt eitt møte, og det vert no arbeid med å skaffa relevante data. Rapporteringsfrist er 15. januar 2015. FFU vil verta orientert om arbeidet i arbeidsgruppa, samt verta involvert i vidare oppfølging ved instituttet.

SAK 11. Høyring om «Forslag til veiledende retningslinjer for fremgangsmåten ved utlysing, bedømmelse og tilsetting i stipendiatstillinger ved Det humanistiske fakultet»

Det var eit grundig ordskifte kring saka i FFU. Her er ei oppsummering av sentrale moment som FFU vil melda attende til instituttleiar.

- FFU meiner at Myking har laga eit godt og relevant innlegg om saka. Når ei utlysing av stipendiatstillingar femner om så mange ulike fagområde som ved LLE, er det viktig og uunngåeleg at fagmiljøa er involvert i vurderingsprosessen. Når det i dei nye retningslinene vert lagt større vekt på prosjektskildringa i vurderinga av søkjarane er det rimeleg at dette vert følgt opp av ei kvalitativ fagleg bedømming som bør skje i fagmiljøa.
- Forenkling av vurderingsskjemaet er positivt, men det er viktig at det er samsvar mellom skjemaet og teksten i retningslinene.
- I framlegget til retningsliner er det lagt opp til at den sakkunnige komiteen er involvert frå starten av vurderingsprosessen. FFU ser det som ei føremon at sakshandsaminga tek til i den sakkunnige komiteen. FFU støttar at ein «snur» prosessen ved at den sakkunnige komiteen er involvert før fagmiljøa.
- Når det gjeld Myking sine framlegg til moglege løysingar støttar FFU primært alternativet i det fyrste kulepunktet. Kulepunkt nummer to kan òg vera ei løysing, men FFU ser det som noko underleg at ein skal leggja opp til ein fast praksis med at fagmiljøa vert oppnemnde som spesialsakkunnige når ordninga med spesialsakkunnige ser ut som «unntak» i retningslinene.

Godkjent referat frå møtet vert sendt til instituttleiar som tilbakemelding på førespurnad med frist 20.11.2015.

SAK 12. Ymse

- **Interpellasjon frå Helge Sandøy om kontakten mellom prosjekt ved LLE og Uni Research.**
Fleire prosjekt ved LLE kjøper It-tenester hjå Uni Research. Sandøy ber at det vert gjort ei samordning mellom prosjekta ved LLE i samband med kjøp av tenester hjå Uni Research. Tor føl opp saka ved instituttet.

20.11.2014

Anne Berit Apold
skrivar